Årsrekneskap 2021
for
Volda Utvikling AS

Organisasjonsnr. 925975966

Utarbeidd av:
Reknehuset AS
Autorisert rekneskapsførarselskap - 925715115
Strandgata 15E
6150 ØRSTA

Resultatrekneskap

	Note	des 20-des 21
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER		
Driftsinntekter		
Anna driftsinntekt	1	350 000
Sum driftsinntekter		**350 000**
Driftskostnader		
Lønnskostnad	2	199 675
Annan driftskostnad	8	223 040
Sum driftskostnader		**422 715**
DRIFTSRESULTAT		**(72 715)**
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Finansinntekter		
Anna renteinntekt		124
Sum finansinntekter		**124**
Finanskostnader		
Annan rentekostnad		95 800
Sum finanskostnader		**95 800**
NETTO FINANSPOSTAR		**(95 676)**
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		**(168 391)**
Skattekostnad på ordinært resultat	3	0
ÅRSRESULTAT		**(168 391)**
OVERF. OG DISPONERINGAR		
Overføringar annan innskoten eigenkapital		(168 391)
SUM OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR		**(168 391)**

Balanse pr. 31.12.2021

	Note	31.12.2021
EIGEDELAR		
ANLEGGSMIDDEL		
Utsett skattefordel	4	0
Varige driftsmiddel		
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	11	20 691 250
Sum varige driftsmiddel		**20 691 250**
Finansielle anleggsmiddel		
Investeringar i dotterselskap	10	30 000
Lån til føretak i same konsern	7	176 485
Andre langsiktige fordringar	8	1 040 317
Sum finansielle anleggsmiddel		**1 246 802**
SUM ANLEGGSMIDDEL		**21 938 052**
OMLØPSMIDDEL		
Fordringar		
Andre kortsiktige fordringar	12	102 879
Sum fordringar		**102 879**
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	0
SUM OMLØPSMIDDEL		**102 879**
SUM EIGEDELAR		**22 040 931**

EIGENKAPITAL OG GJELD

EIGENKAPITAL		
Innskoten eigenkapital		
Selskapskapital		30 000
Annan innskoten eigenkapital	9	20 181 609
Sum innskoten eigenkapital		**20 211 609**
SUM EIGENKAPITAL		**20 211 609**
GJELD		
KORTSIKTIG GJELD		
Gjeld til kredittinstitusjonar	6	1 816 147
Leverandørgjeld		13 175
SUM KORTSIKTIG GJELD		**1 829 322**
SUM GJELD		**1 829 322**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**22 040 931**

VOLDA, 31.05.2022
styret i Volda Utvikling AS

Thomas Lundberg
styreleiar

Ivar Kvangardsnes
styremedlem

Pergunn Rødseth Gjerdsbakk
styremedlem

Notar 2021

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk. Selskapet har vidare følgt relevante føresegner i Norsk regnskapsstandard utarbeidd av Norsk Regnskapsstiftelse.

Føresetnaden for vidare drift

I årsrekneskapen er føresetnaden om vidare drift lagt til grunn.

Inntektsføring

Tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste verdi av innkjøpsverdi og verkeleg verdi (lågaste verdis prinsipp).

Anleggsmiddel

Anleggsmiddel omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmiddel er vurdert til innkjøpsverdi.

Aksjar i dotterselskap

Investeringar i dotterselskap er vurdert etter kostmetoden, då konsernet sin storleik samla er under maksimalgrensene for små føretak.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir ført opp i balansen til pålydande.

Note 1 - Offentleg tilskot

Mottatt tilskot til drift frå Volda kommune i 2021 kr 350.000.

Note 2 - Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette mv

Lønnskostnaden består av:	**i år**
Lønn	175 000
Arbeidsgjevaravgift	24 675
Sum lønnskostnader	**199 675**

Det er ingen tilsette i selskapet. Lønnskostnaden gjeld styrehonorar.

Lån til leiande personar

Det er ikkje gitt lån til styremedlemmer.

Note 3 - Skattekostnad på ordinært resultat

Det er ingen bokført skattekostnad i året.

Notar 2021

Note 4 - Utsett skattefordel

Skattemessig framførbart underskot	168 391
Ikkje bokført utsett skattefordel	37 046

Note 5 - Bundne midlar

Det er ikkje bundne midlar i selskapet.
Det er ikkje skuldig skattetrekk ved utgangen av året.

Note 6 - Kassekreditt, tilgjengeleg kreditt

Trekt kassekreditt per 31. desember 2021: kr 1 816 147 (limit kr 10 000 000)

Note 7 - Krav på Aasen Eigedom 1 AS

Forskottert dokumentavgift gnr 19 bnr 1029	kr 176 485

Note 8 - Andre kortsiktige fordringar

Prosjektering av bygg (arkitekthonorar)	640 317
Andel konsulenthonorar arbeidande styremedlemer	400 000
Sum andre langsiktige fordringar	**1 040 317**

Verdien av fordringa er avhengig av at prosjekt i underliggande selskap blir gjennomført.

Note 9 - Annan innskoten eigenkapital

	Aksjekapital / selskapskapital	**Overkurs**	**Annan innskoten eigenkapital**
Per 1.1.	30 000	0	0
-Til årets resultat	0	0	-168 391
+/-Andre transaksjonar	0	0	20 350 000
=Per 31.12.	**30 000**	**0**	**20 181 609**

Andre transaksjonar består av:

Innskot frå aksjonær Volda kommune, tomt gnr 19, bnr 629 og 752:	20.350.000

Notar 2021

Note 10 - Investeringar i dotterselskap

Følgjande verksemder inngår i konsernet 31.12.2021:

	Forretningskontor	Eigarpart
Morselskap		
Volda Utvikling AS	VOLDA	
Dotterselskap:		
Aasen Eigedom 1 AS	Volda	100,00 %

Note 11 - Tomter, bygningar og anna fast eigedom

Tomteverdi gnr 19, bnr 629 og 752	20 691 250

I 2022 vil andel tomteverdi som gjeld Aasen Eigedom 1 AS bli overført til dette selskapet og konvertert til aksjar i dotterselskap.

Note 12 - Andre kortsiktige fordringar

Krav på skatteoppgjer	6 600
Til gode meirverdiavgift	96 279
Sum andre kortsiktige fordringar	**102 879**

hovden & vatne
statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til generalforsamlinga i
Volda Utvikling AS

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon
Vi har revidert Volda Utvikling AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 168.391. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardene) utferda av the International Ethics Standard Boards for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen
Styret (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen
Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter vert det vist til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Ørsta, 31.05.2022
Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Geir A. Vatne
statsautorisert revisor